

18.05.2015

Årsmelding Samarbeidsutvalet 2014-15

Samarbeidsutvalet er sett saman av:

Rektor – Olaf M. Hella

Lærerrepr. – Elisabeth Valle og Mona Vabø (Vara: Øystein Aamli og Hanne Siri Hellan)

Foreldrerepr. – Arne Sæbø og Katrine G. Tvedt (Vara: Basi Pashaei)

Repr. Andre tilsette – Sissel Nordland (Vara: Lillian S. Knarvik)

Repr. Lindås kommune – Leif Hosøy Sleire (Vara: Ståle Juvik Hauge)

Elevrådsrepr. - Marie Pollen Nygård og Christian Andre Iversen (vara: Mille T. Porsmyr og Jonas H. Hjertås)

Samarbeidsutvalet ved Knarvik ungdomsskule har hatt 4 møte og teke stilling til 21 saker i skuleåret. I starten fekk samarbeidsutvalet på plass eit årshjul med saker som skal takast opp i utvalet.

Økonomi har vore ei slik sak som har vore omhandla i kvart møte.

Utvalet har vidare sett på elevane sine faglege resultat på nasjonale prøvar og grunnskulepoeng som elevane søkjer seg vidare til neste skule med. Utvalet har hatt ein uro for resultata elevane våre har i 8. trinn og dei store skilnadane som er fagleg i elevgruppa. Når det er sagt ser ein at elevane har grunnskulepoeng i overkant av landssnittet når dei startar på VGS, noko som er gledeleg.

Ei anna sak som utvalet har sett på er resultata frå elevundersøkinga. På mange område er det resultat som ligg opp mot nasjonalt snitt. Skulen ser at for områda vurdering og elevmedverknad må ein arbeide med tiltak, slik at dette vert betre. Vidare ser vi at elevane opplever mindre støtte i læringsarbeidet både heime og på skulen. Dette er noko skulen og FAU bør arbeide vidare med neste skuleår.

Samarbeidsutvalet har levert eit skriv til eigedom om ventilasjon på auditoriet Midtgard. Brevet er pr dd. ikkje svart på skriftleg. Vaktmeister har fortald rektor at det er tinga utbetring av manglane.

Samarbeidsutvalet har vidare levert høyringsuttale i saka om skulerute og leksehjelp.

Helsing

Olaf M. Hella
Sekr. i samarbeidsutvalet ved Knarvik ungdomsskule

